

Stord kommune
Fagkontor plan
Borggata 2
5417 Leirvik

Stord 17.01.2024

Innspel til planstrategi for Stord kommune 2024-2027

Stord Næringsråd (SNR) takkar for førespurnad om innspel til planstrategien for Stord kommune 2024-2027.

SNR vil først og fremst oppmøde Stord kommune til å satse tilstrekkeleg på planressursar slik at utarbeiding og vedtak av planar har god framdrift og held dei fristane som vert lagt i planprogrammet. Næringslivet har ofte korte tidshorisontar og må snu seg raskt rundt når det oppstår utfordringar eller nye moglegheiter. Då er det viktig at det kommunale planverket er så oppdatert som mogleg og at næringslivet sine interesser har vorte høyrt. Det er også viktig at kommunen har god dialog med næringslivet slik at ein kan få til løysingar på tvers av vedtatt planverk dersom endra situasjoner gjer dette naudsynt.

I gjeldande planstrategi og i Kommuneplan for Stord – samfunnsdel har SNR vore ein konstruktiv samarbeidspartner både i utarbeiding og med høyringsinnspel. SNR ønskjer eit tett og godt samarbeid vidare med utarbeiding av ny planstrategi og med planane som skal rullerast i denne valbolken.

Kommuneplan for Stord – arealdel vil vere ein av dei viktigaste planane for næringslivet i kommunen. I følgje planprogrammet skal denne planen ha førstegongshandsaming våren 2024. SNR vil igjen påpeike kor viktig det er at denne planen har god framdrift og vert handsama i tråd med planprogrammet.

Næringslivet på Stord melder no om tre hovudutfordringar som kommunen og deler, og som bør vere med i kunnskapsgrunnlaget rundt korleis dei ulike planane i planstrategien bør prioriterast.

Samferdsle

Samferdsle generelt og Hordfast spesielt er viktig for næringslivet. Sommaren 2024 blir ny Nasjonal transportplan vedtatt, og føringar her vert avgjerande for når Hordfast vert realisert. Samstundes er Rogfast under bygging og vil opne i 2033. Næringslivet er alt i gang med å planlegge for og tilpasse seg til ferjefri veg sørover. SNR meiner ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen er ein føresetnad for eit godt og variert næringsliv på Stord framover og ber kommunen ha dette med i sine planar og arbeid.

Kraft

Tilgang på fornybar kraft har lenge vore eit av fortronna for vår region. Slik er det ikkje lenger. Nye bedrifter som treng tilkopling til straumnettet får no beskjed om at det vil ta 5-10 år før dei kan få levert den krafta dei har trong for. Dette er ein uhalldbar situasjon. Invest in Sunnhordland har

utarbeida rapporten «Kraftsituasjonen i Sunnhordland». SNR ber om at denne rapporten og tilrådingane her vert tatt inn i kunnskapsgrunnlaget til framtidige planar i Stord kommune. Bømlo og Kvinnherad har gjennomført ei kartlegging av kraftbehovet i eigen kommune på eit overordna nivå. Det vil vera ein føremon om dei andre Sunnhordlandsommunane gjer det same, og startar arbeidet med å finna ut kva som må gjerast for å løysa kraftbehovet i sin kommune, og med dette vera med å løysa Sunnhordland sitt kraftbehov totalt sett.

Kompetanse

Tilstrekkeleg tilgang på rett kompetanse er ei gjennomgåande utfordring for verksemndene på Stord. Våre medlemmer melder om vanskar med å få tak i kompetanse på alle nivå og alle bransjar. Dette heng saman med stor aktivitet i næringslivet og lite arbeidsløyse. SNR ber Stord kommune har sterkt fokus på dette temaet i tida framover. Her er det mange tiltak som vil verke saman og vi nemner nokre viktig punkt:

- Skape attraktive stadar og gode nærmiljø for å auke tilflytting
- Ha gode overgangar mellom skule-utdanning-arbeidsliv for å motverke utanforskap
- Spele inn til fylke og HVL kva utdanningar det er trond for framover
- Legge til rette for at innvandrarar kjem raskt i arbeid
- God og konstruktiv dialog med både etablerte og nye verksemder for å tiltrekke seg meir investering i kommunen

SNR vil framover vere ein konstruktiv samarbeidspart for kommunen i planarbeidet og eit bindeledd mellom kommunen og næringslivet.

Lukke til med vidare arbeid med planstrategien.



Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar
Stord Næringsråd